

# Rapport Openheitslova

## Leverandører og forretningspartnere for Luster Sparebank

Styrehandsama og godkjent 14.06.2024

FNs BÆREKRAFTSMÅL 



## Innhald

---

1.	Innleiing.....	3
2.	Openheitsloven.....	3
3.	Luster Sparebank si handtering av Openheitslova .....	4
3.1	Eigenvurdering og organisering.....	4
3.2	Risiko- og fokusområde .....	5
3.3	Grundig analyse.....	5
3.4	Vidare oppfølging og tiltak .....	6
4.	Aktsemdvurdering Luster Sparebank.....	6
4.1	Status per 1. halvår 2023.....	6
4.2	Vidare framdrift.....	7

## 1. Innleiing

---

Openheitslova<sup>1</sup> trådte i kraft 1. juli 2022. Den pålegg verksemder å utføra aktsemdvurderingar for å kunne stansa, førebygga og avgrensa negative konsekvensar for grunnleggjande menneskerettar og sømelege arbeidsforhold. Dette verkar inn på både eigen organisasjon og på verksemda sine leverandørar og forretningspartnarar.

Dette er andre rapport for Luster Sparebank, den inneheld status per juni 2024, for dei leverandørane og forretningspartnarane banken hadde i 2023.

## 2. Openheitslova

---

Openheitslova skal fremje verksemder si respekt for grunnleggjande menneskerettar og sømelege arbeidsforhold, òg sikre at allmennheita får tilgang på informasjon. Dei mest sentrale paragrafane i Openheitslova er attgitt under:

### Plikt til å utføre aktsomhetsvurderingar (Åpenheitsloven § 4)

Det skal utføres aktsomhetsvurderingar av leverandørar iht. Openheitsloven og i tråd med OECDs retningslinjer for flernasjonale selskaper.

Aktsomhetsvurderingar omfattar:

- a. Forankre ansvarlighet i virksomhetens retningslinjer.
- b. Følge med på gjennomføring og resultater av tiltak etter punkt 3.
- c. Iverksette tiltak for å stanse, forebygge eller begrense negative konsekvenser basert på virksomhetens prioriteringar og vurderingar etter punkt 2.
- d. Kartlegge og vurdere faktiske og potensielle negative konsekvenser for grunnleggjande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold som konsernet enten har forårsaket eller bidratt til, eller som er direkte knyttet til virksomhetens forretningsvirksomhet, produkter eller tjenester gjennom leverandørkjeder eller forretningspartnere.
- e. Kommunisere med berørte interessenter og rettighetshavere om hvordan negative konsekvenser er håndtert etter punkt 3 og 4.
- f. Sørge for eller samarbeide om gjenoppretting eller erstatning der dette er påkrevd.

Verksemder som er omfatta av lova må gjennomføra aktsemdsvurdering. Dette er ein prosess der verksemda kartlegg, førebygg og gjer greie for korleis faktiske og potensielle negative konsekvensar skal handterast. Med negative konsekvensar er det meint sannsynet for negativ påverknad på nemnde forhold.

Aktsemdvurderinga skal gjennomførast regelmessig, basert på ei risikobasert tilnærming, med utgangspunkt i verksemda sin størrelse, art, kontekst, grad av alvor og sannsynet for negative konsekvensar på grunnleggjande menneskerettar og sømelege arbeidsforhold.

### Plikt til å redegjøre for aktsomhetsvurderingar (Åpenheitsloven § 5)

Det skal offentliggjørast en redegjørelse for aktsomhetsvurderingar som skal omfatte:

---

<sup>1</sup> Lov om virksomhetens åpenhet og arbeid med grunnleggjande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-06-18-99>.

- a. En generell beskrivelse av virksomhetens organisering, forretningsområder, retningslinjer og rutiner for å håndtere faktiske og potensielle negative konsekvenser for grunnleggende menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold.
- b. Opplysninger om faktiske negative konsekvenser og vesentlig risiko for negative konsekvenser som virksomheten har avdekket gjennom sine aktsomhetsvurderinger.
- c. Opplysninger om tiltak som virksomheten har iverksatt, eller planlegger å iverksette for å stanse faktiske negative konsekvenser eller begrense vesentlig risiko for negative konsekvenser, samt resultat eller forventet resultat av tiltakene.

Redegjørelsen skal oppdateres og offentliggjøres hvert år og ellers ved vesentlige endringer i virksomhetens risikovurderinger.

### Informasjonsplikt (Åpenhetsloven § 6 og § 7)

Enhver har ved skriftlig forespørsel rett på informasjon om hvordan virksomheten håndterer faktiske og potensielle negative konsekvenser mht gjennomføring av aktsomhetsloven. Dette omfatter både generell informasjon og informasjon knyttet til en særskilt vare eller tjeneste som virksomheten tilbyr.

Informasjon skal gis skriftlig og være dekkende og forståelig. Informasjonen skal gis innen rimelig tid og senest innen tre uker etter at informasjonskravet er mottatt. Dersom omfanget av informasjon som etterspørres, gjør det uforholdsmessig arbeidskrevende å besvare informasjonskravet innen tre uker, skal informasjonen gis inne to måneder etter at kravet er mottatt.

## 3. Luster Sparebank si handtering av Openheitslova

---

### 3.1 Eigenvurdering og organisering

Luster Sparebank er ein lokal og sjølvstendig sparebank som vart skipa i 1848 og består av 27 tilsette. Banken har utarbeida etiske retningslinjer som alle tilsette gjennomgår årleg. Desse retningslinjene skal syta for at banken si drift er ærleg og tillitsvekkjande og i tråd med dei lover, forskrifter og normer som elles gjeld i samfunnet. Banken har eit varslingsystem der tilsette og andre interessentar kan rapportere brot på menneskerettar eller dårlege arbeidsforhold. Varslingssystemet er utforma for å sikre konfidensialitet, rettferdigheit og ei uavhengig behandling av rapporterte saker. Det er utarbeida eiga personalhandbok og HMS handbok for dei tilsette, som er lokalt tilpassa og med oppdatert lovverk. Banken er medlem av Bedriftshelse 1, bedriftshelsetenesta gjennomfører med blant anna helsekontroll/helsesamtale. Det blir gjennomført medarbeidarundersøking med leiar kvart år. Banken har verneombod, som saman med banksjef gjennomfører vernerunde kvart år. Verneombodet ivaretek arbeidstakars interesser i saker som gjeld arbeidsmiljøet, og at arbeidet blir utført på ein slik måte at hensynet til arbeidstakars sikkerheit, helse og velferd er ivareteken. Dei tillitsvalde i Luster Sparebank og leiinga har inngått bedriftsavtale.

Det er ikkje avdekkta brot på arbeids- og menneskerettar i Luster Sparebank. Det har ikkje vore varslings saker og dei årlege medarbeidarundersøkingane viser tilfredsheit blant dei tilsette. Videre er lønns- og arbeidsvilkåra i samsvar med nasjonale standardar som tyder på rettferdig behandling. Det er ikkje mottatt klager frå kundar, tilsette eller andre interessentar om diskriminerande praksis eller urettferdige arbeidsforhold.

Risikoen for potensielle negative konsekvensar eller brot på grunnleggjande menneskerettar eller sømelege arbeidsforhold i Luster Sparebank er vurdert som låg. Bankens styringsdokument, interne retningslinjer og etablerte kontrollsystem bidreg til å begrense, identifisere og handtere moglege risikoar.

Det er utarbeida ei rutine knytt til korleis banken handterer Openheitslova. Hovudelementa i rutinen er gjengjeve i punkta 3.2 til 3.4. Når det gjeld organisering, er det banksjef som har det overordna ansvaret knytt til Openheitslova. Banksjef skal i tillegg svare ut eventuelle førespurnader som banken mottek.

### 3.2 Risiko- og fokusområde

Som utgangspunkt for aktsemdvurderingane har Luster Sparebank lagt til grunn erfaring og eksisterande kunnskap knytt til kvar einskild leverandør og forretningspartnar. Vidare er det lagt til grunn erfaring og kunnskap knytt til bransje- og produktrisiko, samt risiko knytt til dei geografiske tilhøva der aktøren har lokalisert si verksemd.

FN definerer menneskerettar som «*grunnleggjande rettigheit*ar alle har, uavhengig av kjønn, alder, religion, legning, nasjonalitet eller kor i verden dei bor»<sup>2</sup>. Luster Sparebank har i sitt arbeid definert fylgjande risiko- og fokusområde som dei mest vesentlege innanfor grunnleggjande menneskerettar:

- Sosial sikkerheit
- Ingen barnarbeid
- Ingen tvangsarbeid
- Likestilling mellom kjønn

Når det gjeld sømelege arbeidsforhold, har Luster Sparebank definert følgjande risiko- og fokusområde som dei mest vesentlege:

- Rettferdig løn (minsteløn)
- Ingen diskriminering
- Trygge arbeidsforhold (HMS)
- Fornuftige avgrensingar i arbeidstid
- Rett til å organisere seg
- Moglegheiter for fagleg og personleg utvikling

### 3.3 Grundig analyse

Luster Sparebank skal årleg ta stilling til alle eksisterande og nye leverandørar og forretningspartnarar. Dette skal gjennomførast som ei risikobasert tilnærming. Grad av aktsemdvurdering er i fyrste omgang avhengig av leverandøren eller forretningspartnaren sitt årlege faktureringsbeløp, jamfør figur 1. Banken har valt å skilje på beløp då påverknadskrafta er antatt å vera større mot aktørar med store leveransar enn for aktørar med små leveransar. Dersom det er kjende faktorar som tilseier at ein leverandør eller forretningspartnar skal undersøkast nærare enn det samla faktureringsbeløp tilseier, skal aktsemdvurdering likevel gjennomførast.

Som figur 1 viser, skal det gjennomførast ei aktsemdvurdering for alle leverandørar og forretningspartnarar i kategori A og B. For kategori C gjeld dette berre dersom forholda tilseier det. Dersom den kvantitative undersøkinga avdekkjer konkrete risikomoment skal det gjennomførast

<sup>2</sup> <https://www.fn.no/tema/menneskerettigheter/menneskerettigheter>

spørjeundersøking og hentast inn eigenerklæring for leverandørar og forretningspartnarar i kategori A. Banken har stilt krav til at minimum 10 aktørar skal liggja til kategori A. Dvs. at dersom færre enn 10 tilfredsstillar beløpskravet, er det dei 10 største leverandørane/ forretningspartnarane som skal leggjast i kategori A.

**Figur 1:** Oversikt over Luster Sparebank si aktsemdvurdering av leverandørar og forretningspartnarar.

<p>Kategori A: Årleg leveranse over 0,5 MNOK (*)</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>•Leverandør eller forretningspartnarar av ein slik størrelse at aktsemdvurdering skal gjennomførast i form av:</li> <li>•Kvalitativ undersøking basert på kunnskap og erfaring med aktøren, bransje- og produktrisiko og risiko knytt til geografiske forhold.</li> <li>•Spørreundersøkelse og innhenting av eigenerklæring skal gjennomførast dersom den kvalitative undersøkinga avdekkar konkrete risikomoment.</li> </ul>
<p>Kategori B: Årleg leveranse mellom 0,1 og 0,5 MNOK</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>•Leverandør eller forretningspartnar av ein slik størrelse at aktsemdvurdering skal gjennomførast som ei kvalitativ undersøking basert på kunnskap og erfaring med aktøren, bransje- og produktrisiko og risiko knytt til geografiske forhold.</li> <li>•Spørreundersøkelse og innhenting av eigenerklæring skal berre gjennomførast dersom den kvalitative undersøkinga avdekkar konkrete risikomoment.</li> </ul>
<p>Kategori C: Årleg leveranse under 0,1 MNOK</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>•Leverandør eller forretningspartnar av ein slik størrelse at den i utgangspunktet blir kategorisert med låg risiko.</li> <li>•Dersom det er forhold som tilseier at risiko er tilstades skal kvalitativ undersøkelse gjennomførast. Det same gjeld spørreundersøkelse og innhenting av eigenerklæring, dersom risikoen tilseier det.</li> </ul>

(\*) Kategori A skal minimum bestå av 10 leverandørar/forretningspartnarar. Dvs. at dersom færre enn 10 tilfredsstillar beløpskravet, er det dei 10 største aktørane som skal leggjast i kategori A, uavhengig av samla årleg faktureringsbeløp.

### 3.4 Vidare oppfølging og tiltak

Dersom Luster Sparebank, gjennom analysen i avsnitt 3.3, konkluderer med at ein leverandør eller forretningspartnar utgjer vesentleg risiko for potensielle negative konsekvensar eller brot på menneskerettar eller sømelege arbeidsforhold, skal aktøren fyljast tett opp. Leverandøren eller forretningspartnaren skal kontaktast og forholda skal undersøkast nærare. Vidare skal tiltak settast i verk med tanke på å retta opp, redusera eller eliminere den risikoen som er avdekket.

Dersom risikoen ikkje vert redusert til akseptabelt nivå, vil siste konsekvens vera at Luster Sparebank vil avslutta kundeforholdet med den aktuelle aktøren.

## 4. Aktsemdvurdering Luster Sparebank

### 4.1 Status per 1. halvår 2024

Luster Sparebank har i løpet av 1. halvår 2024 gjennomgått alle leverandørar og forretningspartnarar banken har hatt i løpet av 2023. Desse er gruppert ut frå klassifiseringa i figur 1. Det er deretter gjennomført ei aktsemdvurdering av aktørane i kategori A og B. Vidare er det vurdert om det er leverandørar og forretningspartnarar i kategori C som skal flyttast opp grunna sannsyn for auka risiko. Til grunn for aktsemdvurderinga ligg ei vurdering av fyljande forhold:

- Eksisterande kunnskap og erfaring om aktøren
- Eksisterande kunnskap og erfaring knytt til bransje- og produktisiko
- Eksisterande kunnskap og erfaring knytt til geografiske forhold

Tabell 1 viser oversikt over samla innkjøpsvolum og antall leverandørar og forretningspartnarar i Luster Sparebank i løpet av 2023. Aktørar banken har gitt gåver eller sponsa på andre måtar er ikkje medrekna.

**Tabell 1: Oversikt over Luster Sparebank sitt innkjøpsvolum og antall leverandørar i 2023**

Innkjøp og leverandørar/forretningspartnarar	Innkjøp i prosent	Antall aktørar
Samla innkjøp 2023	100	158
Leverandørar aktsemdvurdert i kategori A	87	10 (6,3 %)
Leverandørar aktsemdvurdert i kategori B	9,5	21 (13,3 %)
Leverandørar aktsemdvurdert i kategori C	3,5	127 (80,4 %)

Som det framgår av tabell 1, står leverandørane definert i kategoriane A og B for 96,5 prosent av innkjøpsvolumet og 19,6 prosent av leverandørmassen i 2023. Storparten av Luster Sparebank sitt innkjøpsvolum er knytt til leverandørar og forretningspartnarar med forretningsområde innan IT, banksystem, kommunikasjon, data, forsikring, energi, konsulent og advokatar, produkt- og systemleverandørar, i tillegg til statleg og offentleg forvaltning. I hovudsak er det snakk om norske aktørar, men nokre er globale selskap med aktivitet også andre stader i verda.

Det er gjennomført eit møte med den største leverandøren til banken. Leverandøren leverer tenester til fleire bankar i DSS-samarbeidet, derfor deltok representantar frå DSS-bankane og leverandøren på eit digitalt møte. Leverandøren gjorde greie for utfordringar og risikoar i leverandørkjedene deira, korleis dei følgjer opp desse risikoane, kva tiltak dei set inn, og kva plan dei har for å overvaka desse tiltaka framover.

Luster Sparebank har ikkje avdekka forhold som tilseier vesentleg risiko for potensielle negative konsekvensar eller brot på menneskerettar eller sømelege arbeidsforhold. Dette heng truleg saman med at finansbransjen er svært godt regulert i Norge, at dei aller fleste av banken sine leverandørar frå finansbransjen stort sett er lokalisert i Norge, og at banken tilbyr få og standardiserte finansielle produkt og tenester. Banken vil i vidare framdrift undersøka nærare forhold hos underleverandørar der det er aktuelt.

Leverandørane på nivå C er gjennomgått, og det er ikkje gjort funn som tilseier at det er naudsynt å gjennomføra aktsemdvurdering på desse.

## 4.2 Vidare framdrift

Det er andre året Luster Sparebank rapporterer på Openheitslova. For banken er det eit vedvarande og kontinuerleg arbeid å fremje grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Rapporten dannar grunnlag for vårt framtidige arbeid, og ein vil vurdere om det er naudsynt å sende ut spørjeskjema med eigenerklæring til leverandørar klassifisert i nivå A i figur 1. I tillegg vil banken fortsetta arbeidet med å vurdere om det er naudsynt å undersøka underleverandørar hjå enkelte aktørar.